

Årsmelding 2025 Hjelmeland Frivilligsentral

Frivilligsentralen vert drive av Hjelmeland kommune og er organisert under kulturseksjonen med lokale i Vågahuset og har dagleg leiar i 100% stilling.

[Sentralen blir drive i tråd med forskrift om tilskot til frivilligsentralar](#)

Frivilligsentralen har profil på facebook, instagram, frivillig.no og eiga [nettside](#). Hjelmeland er medlem i [Rogalands frivilligsentraler](#) og [Norges Frivilligsentraler](#).



Kommunestyre som årsmøte for sentralen vart halde 22. mai. Hjelmeland fekk i 2025 kr 479.612 i øymerka midlar frå staten fordi kommunen har ein frivilligsentral. I 2025 bidrog Hjelmeland kommune med kr 630.000 til drift av frivilligsentralen.

Desse hadde plass i styret for Hjelmeland frivilligsentral i 2025:

Dagfinn Svadberg Hatløy, Sigmund Østerhus, Torhild Hauge Dahl, Grethe Gauthun Olsen og Jovana Divjak, Oleksiy Babkin (vara). Kulturleiar (observatør med møte og talerett). Styret har hatt 3 styremøter: 27.1, 16.6, 24.11 og handsama 19 saker.

Utførte delmål frå handlingsplanen; mange frivillige har fått bidratt med det dei kan!

1. Vidareutvikle «trekantsamarbeidet» offentlig, privat og frivillig sektor for å skapa ein basis for felles lokalsamfunnsutvikling med vekst i folketalet

Følgd opp kommunen sin [frivilligstrategi](#). Arrangert årleg kontaktforum for alle frivillige lag 14. januar. Dagleg leiar er sekretær for kommunen sitt kontaktmøte ovafor bygdaråda som var den 7. mai. Dagleg leiar er kontaktperson i høve til serviceavtarar mellom kommunen og butikkane i Fister, Randøy, Årdal og Vadla. Laga ei brosjyre med oversikt over ulike aktivitetar som vart sendt ut i januar og september til alle husstandar i Hjelmeland. Motivert frivillige lag til å bruke [foreningsportal](#). Gitt råd til frivillige lag som vil søkje om eksterne tilskot. Arrangert årssamling for frivilligsentralen på Spinneriet 18. februar. Tur til Kvitsøy i samarbeid med Bygdekvinnelaget 18. juni, 97 deltakarar. Julelunsj for frivillige den 9. desember på Smaken av Ryfylke. Koordinert strandryddeaksjon i samarbeid med frivillige lag vår og haust. Koordinert NRK TV aksjonen.



Tur til Kvitsøy i juni

2. Lokalsamfunnsutvikling på ein slik måte at det er mogleg å byggja og bu i bygda for alle generasjonar, samstundes med ei særleg satsing på tettstadsutvikling

Frivilligsentralen har vore med å leggje til rette for eit ope samfunn som arbeider saman for å gjere flest mogleg av fast busette, tilflyttarar og fritidsbuande til aktive deltakarar.

Frivilligsentralen har lokal knutepunktfunksjon for [nasjonal tilskotsordning for inkludering av barn og unge](#) i samarbeid med NAV, SLT-folkehelsekoordinator, barnevern, helsestasjon. Dette inneber blant anna at frivilligsentralen er med og planlegg og gjennomfører aktivitetar for barn og unge i sommarferien. Det var om lag 150 barn og ungdom i alderen 0-25 år som deltok sommaren 2025.



Kurs for aktivitetsguidane i juni

Delteke i ressursgruppe for folkehelse. Vore samarbeidspartner i høve til inkluderingsarbeid for flyktningar. Frivilligsentralen har hatt 2 flyktningar i språkpraksis. Arrangert internasjonal kafe søndag 25. mai på Spinneriet.

Tilrettelegging og informasjonsarbeid slik at fleire har kunne delta i fritidsaktivitetar. Blant anna ved administrasjon av [Fritidskasse](#).

Tilrettelagt for auka bruk av [frilager.no](#) som har gjort at innbyggjarane i Hjelmeland har eit tilbod om sports- og friluftsutstyr. Utlån er gratis til barn med fritidskort, frivillige organisasjonar og kommunale avdelingar. Bestilling av møtelokaler og ymse utstyr blant anna Pop up telt, Bord, stolar, takke, barnesete, skjer gjennom <https://www.bookup.no/>

Sykkelverkstad på frivilligsentralen utfører enkle reparaasjonar og har utlån av sykklar.

Samarbeid med Trygg Trafikk om informasjon og forebygging. Markert refleksdagen, kr 11.800 i støtte frå Trygg Trafikk.

Koordinert «Den kulturelle spaserstokken» 10 konsertar på omsorgssentra med kr 15.922 i støtte frå Fylkeskommunen.

Sosiale møteplassar; rekruttert og koordinert frivillige til:

- Språkkafé på biblioteket, 30 fredagar.
- Kafé med program på Årdal omsorgssenter, 22 onsdagar
- Kafe på Grøna rommet i Hjelmelandsvågen, 32 onsdagar.

Desse tre møteplassane har 22 frivillige og omlag 50 deltakarar.



Ny aktivitetsstad i Årdal med utlån av kanoar frå Frilager.no



Konsert med Rita og José Luis

Møter, konferansar og eksternt samarbeid

- For alle konferansen, Sparebankstiftelsen SR bank, Stavanger. 23.1
- Årsmøte/ fagseminar Rogalands frivilligsentraler, Stavanger 20.2
- Dagleg leiar er sekretær i styret for Rogalands frivilligsentraler
- Erfaringsmøte på Teams med Trygg Trafikk 17.3
- Møte med Frilager på Hjelmeland 11.6
- Studietur med frivilligsentralane i Rogaland 11.-14.8
- Regionmøte for TV aksjonen, Sandnes 27.8
- Erfaringssamling folkehelse, Stavanger 16.9
- Sufr møte 2. oktober på Utstein kloster hotell
- Nettverksleiarsamling, Gardemoen 18.-19. november.